

Noregs vassdrags- og energidirektorat
v/ Kjell Rune Verlo
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 Oslo

Dykkar referanse: 201833013

Dato: 25.05.2018

Fråsegn i høyring av framlegg til endringar i forskrift om kontroll av nettverksemd – Framlegg til endringar i regelverket om anleggsbidrag (Referanse 201833013)

I samband med høyring av fråsegn i NVEs høyring om «Fråsegn i høyring av framlegg til endringar i forskrift om kontroll av nettverksemd – Framlegg til endringar i regelverket om anleggsbidrag», NVE referanse 201833013, leverer Sognekraft sitt fråsegn i saka.

Sognekraft stiller seg generelt positivt til NVEs framlegg om revidering av gjeldande regelverk om anleggsbidrag og nettselskapas plikt til å ta seg betalt for utgreiingar samt investeringar i regional –og transmisjonsnett. Etter Sognekrafts oppfatning vil framlegga gje presise prissignal med tanke berekraftig investeringsnivå og nettleige for distribusjons, regional –og transmisjonsnett.

1. Framlegg til endringar i kapittel 14 og 15

Sognekraft støttar framlegga til endringar.

2. Framlegg til endringar i kapittel 16

§16.1: Når skal nettselskapet fastsetje og krevje inn anleggsbidrag

Sognekraft støttar overgang til skal-formulering. Dette vil sikra einheitleg praksis blant nettselskapa og lik sakshandsaming av kundar uavhengig av nettselskap og geografisk lokalisering. Utover dette støtter Sognekraft også framlagt inndeling (a, b og c).

§16.2: Informasjon om anleggsbidrag

Sognekraft støttar framlagte endringar.

§16.3: Krav til prosess

Sognekraft støttar framlagte endringar.

§16.4: Skriftleg avtale om anleggsbidrag

Sognekraft støttar framlagte endringar.

§16.5: Berekning av anleggsbidrag

Sognekraft støttar framlagte endringar. Botnfrådrag bør fjernast frå forskrifta. Til informasjon har Sognekraft ikkje hatt botnfrådrag i nettverksemda dei siste åra. Dette har etter vår oppfatning fungert svært bra, då det også sikrar lik handsaming av kundar i større grad – uavhengig av kostnadsgrunnlag.

§16.6: Anleggskostnad

Sognekraft støttar framlagte endringar.

§16.7: Reinvesterings –og framskyndingskostnader

Sognekraft støttar framlagte endringar.

§16.8: Anleggsbidrag i nettanlegg der kunde er einaste brukar

Sognekraft støttar framlagte endringar.

§16.9: Anleggsbidrag i nettanlegg med fleire brukarar

Sognekraft støttar framlagte endringar – dei bidreg til presisering og auka klarheit samanlikna med dagens regelverk.

§16.10: Anleggsbidrag i regional –og transmisjonsnett

Sognekraft støttar framlagte endringar og er generelt positiv til bruk av reduksjonsfaktor for maska nettanlegg på grunn av nytte-effektar for andre nettkundar. Det bør imidlertid opnast for differensiering av reduksjonsfaktor, for å sikra naudsynte prissignal til kunden. I tilfelle med avgrensa nytte-effekt for andre kundar bør reduksjonsfaktor opp i mot 0,8 kunne brukast, mens i tilfelle med stor nytte-effekt bør reduksjonsfaktor kunne avgrensast til 0,3. Kundespesifikke anlegg skal fullfinansierast av kunden sjølv – utan reduksjon.

§16.11: Etterberekning av anleggsbidraget

Sognekraft støttar framlagte endringar, men meiner framlegget aukar risiko for konservative og høge estimat av anleggsbidraget før prosjektstart med påfølgjande risiko for avslag frå kunde.

§16.12: Overgangsbestemming for anleggsbidrag i regional –og transmisjonsnett

Sognekraft støttar framlagte endringar.

3. Framlegg til endringar i kapittel 17

Sognekraft støttar framlegga til endringar.

Med venleg helsing,



Stian J. Frøiland

Nettsjef

Sognekraft AS

T: +47 45 97 06 16

E-post: stian.froiland@sognekraft.no